

Åge Starheim hardt ut mot regjeringspartia:

Dekkjer over tunnel-nei

Regjeringspartia torer rett og slett ikkje ta belastningen med sitt nei-standpunkt til Stad Skipstunnel i neste valkamp. Derfor skuvar dei Stad skipstunnel ut i neste stortingsperiode.

KJELL BRENNE

FrP-representanten frå Selje har satsa si politiske prestisje for eit gjennomslag for skipstunnelen i denne perioden, men må berre innsjå at fleirtalsmakta rår.

Dei raudgrøne regjeringspartia, Ap- Sp og Sv, som utgjør fleirtalet, går inn for å starte ei omfattande utgreiing med utviding av tunneldimensjonen så hurtigruter og andre båtar av tilsvarende storleik kan passere. Det inneber at Stortinget tidlegast kan orienterast om prosjektet i 2009.

Vedtaket skaper inga entusiasme blant opposisjonen, mindretalet som utgjør dei fire partia, FrP, Høgre, KrF og Venstre, har samla seg om eit framlegg der Stortinget ber Regjeringa legge fram ei sak om Stad skipstunnel så raskt som mogleg og seinast innan 2008.

Desse partia er positive til tunnelprosjektet, men tek ikkje stilling til sjølve utvidinga med omsyn til å auke tunneldimen-

sjonen, men poengterer den store verdi Stad skipstunnel vil ha for sikker og effektiv skipstrafikk langs ei utsett kyststrekning. Dei fire partia vil ha Stad skipstunnel utgreidd med tanke på eit OPS-prosjekt.

-Eg er hundre og femti prosent sikker på at dei raudgrøne driv ein uverdug uthalingstaktikk med det føremål å berge eige skinn i valkampen i 2008 utan å ta belastningen med dei negative konsekvensar deira negative tunnelstandpunkt vil ha i opinionen. For eg er ganske overbevist om at dersom regjeringspartia verkeleg hadde eit positivt syn på Stad skipstunnel, så hadde tunnelen vore ei kjempesak samferdselsminister Liv Signe Navarsete hadde teke på strak arm og prioritert på topp for raskast mogleg realisering, framheld Starheim.

-Å utvide tunneldimensjonen for hurtigrutepassering er i hovudsak eit reknestykke på meir utsprengt volum fjell. At dette skal ta nye tre år, er heilt uforståande. Her er det rett og slett noko som ikkje rimar. Det kan ikkje tolkast på nokon annan måte enn at her prøver regjeringspartia å hindre at skipstunnelen blir ei sak i komande valkamp, men i staden kan dei slå seg på brystet og vise til at prosjektet er under ei grundig og brei utgreiing med tanke på realisering.

- Dette er ein kynisk og under-



fundig måte å dekkje over eit negativt standpunkt på Stad skipstunnel som allereide er der og dermed føre veljarane bak lyset, hevdar Åge Starheim.

SKEPTISK: Åge Starheim er skeptisk til regjeringspartia sin tunnelpolitikk.